

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

## Referat 12. september 2017

Skype-møte, kl. 14-15

**Til stades:** Lisbeth Morlandstø (leiar), Lin Prøitz, Tine Eide, Anne Mette Bjørgen (vara), Balder Holm (observatør, Nordicom) og Terje Skjerdal (ref)

**Forfall:** Magnus Hoem Iversen og Marika Lüders

### 1. Innkalling

Godkjend utan merknader.

### 2. Referat frå styremøte 9. mai og 13. juni 2017

Godkjent med korrigering av dato for det siste møtet (13. juni istf 13. juli). Det siste møtet skjedde på epost.

### 3. Orienteringar

- **Generalforsamling i Tampere 18. august 2017 (i samband med NordMedia):** Frå styret møtte Lisbeth Morlandstø og Tine Eide. Nye styremedlemer vart valde: Marika Lüders (fast, UiO), Roswitha Skare (vara, UiT), Anne Mette Bjørgen (vara, INN) og Christer Bakke Andersen (vara, NTNU). Det nye styret består no av: Lisbeth Morlandstø, Lin Prøitz, Tine Eide, Magnus Hoem Iversen, Balder Holm, Marika Lüders og Terje Skjerdal (faste); Anne Mette Bjørgen, Roswitha Skare og Christer Bakke Andersen (vara). (Tine Eide går ut i fødselspermisjon 5. oktober 2017 til 26. mai 2018. Anne Mette Bjørgen går inn som fast representant i perioden.) Viser elles til eige referat frå generalforsamlinga.
- **Ny betalingsordning frå Universitetsforlaget:** Er underveis (som ein følgje av open tilgang/open access). Vil ikkje få konsekvensar for medlemskontingenten.

### 4. Heimesida ([www.medieforskerlaget.no](http://www.medieforskerlaget.no)) og oppgåver til nettassistenten

Nettassistenten (Christine Mæland) er i gang med oppdatering av heimesida. Styrereferrata mellom 2015 og 2017 har falle ut. Lin tek kontakt med henne mtp å yta støtte. Dei ulike forskarmiljøa bør presenterast på nettsida. Styret føreslår å byrja med institusjonane som er representerte i styret. Nyheter frå nyhetsbrevet bør liggja i nyheitsspalta. Fungerer MailChimp godt nok til nyhetsbrevet? Tungvint dersom medlemene må registrera seg (dei fleste vil i praksis kanskje ikkje gjera det). Lin drøftar desse sakene med Christine.

### 5. Ny nettassistent

Christine Mæland (student, UiB) er tilsett frå 1. august. Sjå sak 4.

## **6. Oppgåver til nettassistenten**

Sjå sak 4.

## **7. Norsk medieforskarkonferanse i Bodø 18.-19. oktober 2018**

Den lokale komiteen føreslår hovedtema «Mangfold og fragmentering i det nye medielandskapet» e.l. Vil bruka konferansen til presentasjon av lokal studie innanfor dette området, jf slik det vart gjort i Bergen 2016. Truleg òg hovudinndeiling om sosiale medium. Dessutan er det 20 år sidan Bodø sist arrangerte medieforskarkonferansen (1998). Den gongen var hovedtemaet «Vald og sex i media». Komiteen arbeider med å finna ein person som kan innleia om dette temaet i lys av utviklinga dei siste 20 åra. Styret gav innspel til namn på hovudinndeiarar.

## **8. Møteplan**

10. okt 2017  
7. nov 2017  
16. jan 2018  
13. feb 2018  
13. mars 2018  
10. april 2018  
8. mai 2018 – fysisk møte i Bodø  
12. juni 2018

Alle møta skjer kl. 14-15 (med unntak av det fysiske møtet i Bodø) – på Skype.

## **9. Eventuelt**

Ingen saker.

Terje Skjerdal (ref)